

Eg prøver på nytt. Denne gongen er fila lagra som pdf. Håper denne funker.

Dag

2014-04-02 13:31 GMT+02:00 Kristine Langøy <Kristine.Langoy@hfk.no>:

Hei!

Vedlegget søknad om tilskot til klima- og miljøtiltak 2014, er ikke mulig å åpne. Det er en ødelagt fil. Kan du sende inn en ny søknad?

Eposten er arkivert i sak 2014/10847 dokument 25

Vennlig Hilsen Kristine Langøy

Dokumentsenteret

Hordaland fylkeskommune

Tlf: 55239140

E-post: hfk@hfk.no

Fra: Dag Sandvik [mailto:dag.sandvik@gmail.com]

Sendt: 1. april 2014 23:23

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Emne: Søknad til: "Lokale tiltak - 2014". Ref: 2014/10847

Hei,

Vedlagt er vår søknad om tilskot til klima- og miljøtiltak 2014.

Ref: 2014/10847

Beste helsing

Dag Sandvik

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

**Klima- og
naturressursseksjonen**

Søknad om tilskot til Klima- og miljøtiltak for 2014

Send søknaden i posten til : Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, PB 7900, 5020 Bergen,

Eller send elektronisk søknad til: sentralarkivet@hfk.no.

Ver venleg å merke søknaden med: "Lokale tiltak – 2014" eller "Miljøorganisasjonar", Ref: 2014/10847"

Søknadsfrist: 1.4.2014

Sjå www.hordaland.no/miljo for meir informasjon.

Namn på tiltaket/prosjektet	
«Ta sykkelen til elva»	
Namn på søkjar	Organisasjonsnummer
Kayak Voss DA	996 798 038
Adresse	Postnummer og Poststad
Groavegen 17	5705 Voss
Kontaktperson	Telefon
Dag Sandvik	911 11 356
E-post	Kontonummer
info@kayakvoss.no	3480.12.63781
Totalkostnad	Søknadssum
51.000	30.000
Målet med prosjektet	
<p>Kayak Voss driv med guiding, kursing og utleige til elvepadlarar. Me jobber i og med urørt natur, og er difor ei bedrift som er svært oppteke av naturen og miljøet. Difor er det vikitg for oss å snu dei, globalt sett, lite bærekraftige sidene ved slik friluftaktivitet. Mange friluftsmenneske kjenner nok på ubehaget ved å måtte køyre bil og forbruke mykje utstyr i utføringa av aktiviteten sin, noko som i særleg grad er tilfellet for elvepadling. Kayak Voss ynskjer så langt som råd å fase ut vår bilbruk til fordel for sykkel/el-sykkel. Målet er både å redusere våre utslepp, samt å gå føre med eit eksempel for andre friluftslivsaktørar og syne kva som er mogeleg.</p>	
Kvar skal prosjektet skal gjennomførast ?	
På Voss	

Samarbeidspartnarar –korleis tar dei del i prosjektet?	
Voss Kajakklubb vil få til tilbod om å nytte våre framkomstmiddel til sine klubbaktivitetar.	
Tar kommunen del i prosjektet? Evt. korleis?	
Kayak Voss vil søke Voss Kommune om kraftfondmidlar til gjennomføring av prosjektet.	
Korleis bidrar tiltaket/prosjektet til betra miljø/berekraftig utvikling?	
<p>Me ynskjer å gå føre med eit eksempel og syne at elevpadling (og anna friluftsliv) kan drivast miljøvenleg. Om Kayak Voss legg om drifta si, vil den direkte miljøgevinsten vere moderat, men me ynskjer i hovudsak å syne kva som er mogeleg, og på denne måten inspirere andre til handling. Kayak Voss er drive av to av dei leiande elvepadlarane i Noreg, med stor kontaktflate via sosiale media og tradisjonelle media. Difor er vårt ynskje både å betre vårt miljørekneskap og å vere ein pådrivar for endring i heile friluftsliv-/ ekstremportmiljøet. Dei to leiarane av Kayak Voss er henholdsvis miljøosolog og marknadsførar og vil legge stor vekt på å synleggjere prosjektet og legge til rette for at dei rette miljøa får ta del i våre erfaringar.</p>	
Har de søkt midlar frå fylkeskommunen til dette tiltaket tidlegare?	
<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Usikker	
Planlagd start Mai 2014	Planlagd slutt

Skildring av prosjektet (maks ei halv side)

Kayak Voss ynskjer å kjøpe inn to el-syklar og to kajakk tilhengarar til å feste på syklane slik at kvar guide kan transportere opp til 5 kajakkar til elva. Vidare ynskjer me å ha 8 syklar til gjestene, samt låsar og stativ til syklar. Med desse transportmidlane håper me å kunne gjere turar innanfor ein radius på 20km noko som vil vere over 2/3 av alle våre turar. På lang sikt vil me kjøpe ein el-bil, for å kunne bruke denne på lengre turar.

Det som vil møte kunden, som kan vere alt frå lokale elvepadlarar til tilfeldig gjennomreisande turistar, er ein tur som vert gjennomført frå start til slutt med kroppen som framkomstmiddel. Sykkelturen vil kunne gå opp delar av den vakre Raundalen, og såleis vil sjølve transporten også vere ein del av opplevinga. Ei slik oppleving meiner me vil vere med å styrke vårt produkt og ikkje minst styrke våre kundar si tru på sykkel som framkomstmiddel.

Me vil promotere dette prosjektet som eit stunt for å stikke oss ut, og me vil promotere prosjektet fordi dette er noko me av idealee årsaker trur på. Me vil lage ein eigen film for å presentere «Ta sykkelen til elva», og me vil oppdatere våre Facebook, Twitter og Instagram sider med bilete og tekst frå prosjektet. Me vil også nytte våre kontaktar i media (i første rekke i samband med ekstremспортveko) til å få dekka prosjektet i aviser og TV.

Budsjett med finansieringsplan			
Forventa kostnader:		Forventa inntekter:	
2 stk el-syklar	Kr 30.000	Tilskot frå fylkeskommunen	Kr 30.000
2 stk sykkelhengarar	Kr 3000	Tilskot Voss Kommune sitt kraftfond	Kr 10.000
8 Syklar	Kr 16.000	Rabattar på utstyr	Kr 5000
Lås og stativ	Kr 2000	Eigne midler	Kr 7000
Produksjon av film og bilete for promotering av prosjektet	Kr 7000	Dugnad filmproduksjon	Kr 6000
Sum kostnader	Kr 58.000	Sum inntekter	Kr 58.000

Alle finansieringskjelder (som egne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport/status for bruk av tilskottet. Dette skal gjerast seinast 1. april 2015. Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt eller det manglar relevante vedlegg, kan det ventast at han ikkje vert handsama.

Kontaktperson:

Kjetil Sigvaldsen, Kjetil.sigvaldsen@hfk.no, tlf. 55 37 80 11.